

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: *Heidmark.*

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: *Elverom*Emne: *Juletre og julekalm.*Bygdelag: *Bjørsetgrenda.*Oppskr. av: *Olav Furuset*Gard: *Bjørset Lønangard*(adresse): *Jømnast.*

G.nr. 1 Br.nr. 16-18.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. *Berne delvis.*B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
*Olav Sandaker. Bonde. 60 år. Bjørsetgrenda.*

## SVAR

1. *Julekelt er alminnelig i Elverom.*

2. *Skikken med juletre er ganske ny i Bjørsetgrenda. Da Mathilde Løpemd (f. 1843) var smågjente brukte dei ikkje juletre på noen gard i grenda ho var kjent. Ei jul kom var ein av døttrene i Berntstua heime og hadde med ei 6 års guttunge. Så bad ho opp borna i næraste grannelaget til julefest. Det var første gongen Mathilde såg juletre. Ho kunne da vera om lag 10 år.*

*Lia heldt Albert Lømo i Jostua julefester åt borna. Han var lesar, og dreiv sundagsskule.*

3. *Julekelt vart brukt først på julefester. Mest da i skulene. På Bjørset skule første gong i*

4. *Det er vanleg å f. prynt opp litt i stua med papirgirlandere og duker. For gammalt var det ikkje stor opp-prynting til jul hos folk flest. Det kunne vera*



litt bar, og lys på bordet da.

5. Tjøl om ein har juletre pynter ein også slik som nesant.

6. Storleken på juletreet kan vera så ymse. Er det born i huset bruker dei å ha ei gran som står på golvet og kan da vera 2 meter høg. Ellers bruker ein berre eit tre på ein 1/2 meter ståande i ei blomsterpotte.

7. Juletreet er pynta med glitter, glasskuler, flagg og ymse papirstas. I toppen var det enten ei stjerne, eller eit spjut av tynt glass som ein hedde ned på toppen. Det var lys på treet.

8. Juletreet vart pynta både av vaksne og barn. Det kunne vera ulikt i dei ulike huslyder.

9. Juletreet stod enten på eit bord eller fritt på golvet. Sjå 6.

10. Lysa på juletreet vart tenkt julekvelden og nyårskvelden. Korr det framand med born vart det tenkt også ellers i jula.

11. Ein går rundt juletreet og syng dei vanleg kjente <sup>jule</sup> salmer og sanger. "Jeg er så glad hver julekveld", "Her kommer dine arme små", "Deilig er den himmel blå", "Deilig er jorden", "Du grønne glitrende tre", "Kimer i klokker."

12. Juletreet skal stå til trekkanddagen.

13. Ein baler om å høste juletre. Både vaksne og born gjorde det.

14. Ein bruker stilt gran til juletre.

15. Her blir berre brukt gran til juletre.

16. Somme bruker gran under julebandet, bunde fast til stauren med julebandet. Julehalv er ukjent i Elverum nå.